

Til fylkeskommunar, kommunar, fylkesmenn, andre statlege sektormynde, nærings- og interesseorganisasjonar

Kampen om sjøareala - invitasjon til nasjonal plankonferanse

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer til nasjonal plankonferanse i Molde 14. – 15. november 2017. Sett av datoene i kalenderen!

Hovudtema for konferansen er planlegging i sjø og det marine kunnskapsgrunnlaget. Det er fleire motstridande interesser når det gjeld bruken av sjøarala. Ein god arealplan kan dempe konfliktane og formidle kunnskapsgrunnlaget. Vi ønsker å lage ein nasjonal arena der politikarar og saksbehandlarar får den nyaste informasjonen og ikkje mist kan dele erfaringar.

Vi har lagt opp til 4 deltema:

- Nasjonale føringar for planlegging av sjøareala.
- Korleis planlegge i sjø? Erfaringar og løysingar.
- Det marine kunnskapsgrunnlaget – kva veit vi og kva treng vi vite?
- Kva vil framtida bringe?

Informasjon om påmelding, overnatting, prisar og program blir sendt ut så snart det er klart.

kampen om **sjøarealene**

Scandic Seilet, Molde • 14. - 15. november 2017

Nasjonal plankonferanse - Planlegging i sjø
og det marine kunnskapsgrunnlaget



FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL



Møre og Romsdal
fylkeskommune

